



Til kommunar, fylkeskommune, og verksemdar med ansvar for oppfølging av tiltak i FylkesROS Hordaland 2015 (sjå eiga adresseliste)

Oppfølging av prioriterte tiltak i FylkesROS Hordaland 2015

Bakgrunn

FylkesROS Hordaland 2015 vart publisert ultimo 2014 og er ei kartlegging (risiko- og sårbarheitsanalyse) av viktige risikotilhøve som Hordalands-samfunnet må planleggje for å kunne ta hand om¹.

FylkesROS Hordaland skal

- gje eit heilskapleg oversyn over risikobiletet i Hordaland fylke som region, både med omsyn til naturgjevne og menneskeskapte hendingar
- auke den generelle kunnskapen om risikotilhøve i fylket
- auke merksemda omkring samfunnstryggleik
- vere eit basisdokument for vidare ROS-analysar på regionalt og lokalt nivå

Samstundes er det ei forventning frå Justis- og beredskapsdepartementet at det med FylkesROS skal følgje ein plan for oppfølging av tiltak og avklaring av ansvar.² Nedfelling av aktuelle tiltak og (i stor grad) fastsetting av ansvar er allereie avklart i FylkesROS Hordaland. Om lag 50 representantar frå relevante fagmiljø og etatar deltok i møte eller arbeidsgrupper i arbeidet med FylkesROS. Fylkesmannen legg derfor til grunn at arbeidet er forankra i respektive organisasjonar, og at ein allereie har gjort seg tankar om oppfølging av dei ulike tiltaka.

Målet med dette skrivet er å ytterlegare presisere ansvar for oppfølging av skisserte tiltak i FylkesROS, og vidare oppmode til at arbeidet faktisk vert sett i verk.

FylkesROS Hordaland 2015 kort oppsummert

- Det er utarbeidd 10 risikomatriser med i alt 56 tenkte hendingar.
- Dei mest alvorlege scenariora med omsyn til liv og helse er knytte til sesonginfluensa, pandemi, (tunnel-) ulykker med farleg stoff og ulykke med cruiseskip.
- Tilsvarande for økonomi er straumstans for olje- og gassindustrien over fem døgn og sesonginfluensa vurdert som mest alvorleg.
- Ingen av dei tenkte hendingane er vurdert å gje uakseptabel risiko for natur og miljø i fylket (tilhøve i raude felt i risikomatrisene).

¹ Jf.: <http://www.fylkesmannen.no/PageFiles/676063/FylkesROS%20Hordaland%202015.pdf?epslanguage=nn>

² Jf. embetsoppdraget: <http://embetsoppdrag.fylkesmannen.no/2015/Justis--og-beredskapsdepartementet/>

Oppfølging

Det er i FylkesROS skissert 15 prioriterte tiltak i tillegg til om lag 100 moglege risikoreduserande tiltak. Tiltaka varierer både i omfang og kva gjeld avgrensing av ansvar. Noko er smått, anna stort, noko er klart avgrensa til ein aktør, andre til fleire. I tillegg er ansvar i nokre tilfelle meir generelt plassert, medan det i nokre tilfelle ikkje er plassert i det heile. Tabell 1 på neste side gjev ei oversikt over dei 15 prioriterte tiltaka. Av tabellen går det fram kven Fylkesmannen meiner har hovudansvar for at respektive tiltak vert følgt opp. Av tabellen går det òg fram kor i FylkesROS ein utfyllande omtale av dei respektive tiltaka.

Vedlagd dette skriv er òg ein tabell som syner dei moglege risikoreduserande tiltaka som er skissert i FylkesROS Hordaland 2015. Me oppmodar mottakarane til òg å ta ein kritisk gjennomgang av relevante moglege risikoreduserande tiltak, og vurdere i kva grad det kan vere aktuelt å følgje opp desse.

Vegen vidare

Fylkesmannen ber aktørar med oppfølgingsansvar i høve til tabell 1 om ei tilbakemelding på status for oppfølgingsarbeidet med ei kort skildring av korleis ein ser for seg at arbeidet skal gjennomførast inklusive framdriftsplan for dette. Samstundes ber vi dei same aktørane vere budd på å gjere greie for status for oppfølgingsarbeidet i fylkesberedskapsrådets faste møte i januar 2016. Me ber om at tilbakemeldinga er oss i hende innan 1. oktober.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1 vedlegg

Adresseliste

Ordinære mottakarar:

Alle kommunar i Hordaland
Helse Vest RHF
Jernbaneverket
Mattilsynet
NSB
NVE
Statens vegvesen (vegtrafikksentralen)
11x-sentralane Hordaland

Kopimottakarar:

Avinor
Bergenhus heimevernsdistrikt 09
Bergen og omland havnevesen
BKK
Hordaland fylkeskommune
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Kystverket
Haugaland og Sunnhordland politidistrikt
Hordaland politidistrikt
Hordaland sivilforsvarsdistrikt
Haakonssvern orlogsstasjon
Telenor

Tabell 1: Prioriterte tiltak i FylkesROS Hordaland 2015

| | Kap. nr. | Kapittel | Referanse (sidetall i FylkesROS) | Prioriterte tiltak | Ansvar for oppfølging (hovudansvar merkt med feit skrift) | | Kommentar frå FMHO |
|----|----------|---|----------------------------------|--|---|--------------------------------|---|
| | | | | | Eksternt | Internt i FMHO | |
| 1 | 4.1 | Ekstremvær | 30 | Kommunane, statlege etatar og fylkeskommunen må syte for at klima/naturhendingar vert grundig vurdert i planprosessane på alle nivå i fylket | Kommunane | KSA | |
| 2 | 4.2 | Flaum | 31 | Kommunane må (ev. saman med NVE) syte for betre kartlegging av areal til utbygging eller fortetting av bustadområde for å sikre mot flaum og skredfare | Kommunane/NVE | KSA | <i>Ansvar mellom NVE og kommunane bør avklarast - NVE bør gjere greie for kva dei har ansvar for og kapasitet til</i> |
| 3 | 6.1 | Influensa-sjukdom | 75 | Fylkesmannen skal følgje opp at kommunane, fylkeskommunen og helseføretaka har oppdaterte og relevante planar for å handtere ein eventuell pandemi | Helse Vest mfl. | HSA | <i>Alle kommunar skal ha oppdaterte smittevern-/pandemiplanar. FMHO har ansvar for å ha kontinuerleg oversyn</i> |
| 4 | 6.1 | Influensa-sjukdom | 75 | Fylkesmannen skal syte for oversyn over pandemiplanar i andre samfunnsviktige organisasjonar | – | HSA | |
| 5 | 6.3 | Smitte i mat og vatn | 78 | Mattilsynet bør halde fram med risikobasert tilsyn med, rettleiing av og pålegg til næringsmiddelbedrifter og eigarar av drikkevassanlegg. Det kan innebere at verksemdar må stengje og eventuelt kan få karantene | Mattilsynet | HSA | |
| 6 | 6.3 | Smitte i mat og vatn | 78 | Kommunar i fylket må ha rutinar for å informere publikum og rutinar for alternativ forsyning av vatn når drikkevassanlegg er kontaminerte | Kommunane (vassverkeigjarar) | HSA | |
| 7 | 6.4 | Konsekvensar for helse-tenestene og andre samfunns-sektorar | 81 | Helse Vest RHF og helseføretaka skal ha beredskapsplanar og samarbeidsavtalar med kommunane som sikrar best mogleg handtering og samhandling ved pandemisk influensa og liknande situasjonar | Helse Vest/kommunane | HSA | |
| 8 | 6.4 | Konsekvensar for helse-tenestene og andre samfunns-sektorar | 81 | Fylkesmannen skal ha rutinar for informasjon til og frå kommunane via kommunelegane, og med jamne mellomrom gå gjennom at dette fungerer | Kommunane | HSA i samarbeid med KSA | <i>FMHO skal ha oppdaterte lister over smittevernlegar/kommune-overlegar i CIM</i> |
| 9 | 7.1.3 | Tunnelulykker med brann og farleg stoff | 94 | Intensivere arbeidet med sektorovergripande beredskapsplanar | 11x-sentralane/vegtrafikk-sentralen | KSA | |
| 10 | 7.2 | Masseskadar ved brann | 97 | Arbeidet med sektorovergripande og samordna beredskapsplanar må styrkjast | 110-sentralen, lokale brannvern og AMK | KSA | |

| | | | | | | | |
|----|-------|---|-----|--|---|------------------------------|---|
| 11 | 7.3.2 | Masseskadar - tog og bane | 103 | Det må vurderast om det er behov for å lagre meir utstyr langs Bergensbanen. Målet er å redusere faren for nedkjøling og andre følgjer av å vere skadd og isolert på ein geografisk vanskeleg tilgjengeleg stad. Det må vurderast om det skal plasserast ut akuttmedisinsk og annan type utstyr (til frigjering, lys, brannsløkking og køyretøy) på særskilde plassar. Kvar av dei aktuelle kommunane må vurdere dette for sitt område, og i samarbeid med andre kommunar, Jernbaneverket og NSB | Jernbaneverket / NSB/vedkommande kommunar | KSA | <i>Jernbaneverket bør ta eit overordna ansvar for å koordinere at tiltaket vert tilstrekkeleg vurdert, inkl. å bringe inn ev. andre aktuelle verksemdar (t.d. NSB og vedkomne kommunar)</i> |
| 12 | 7.3.2 | Masseskadar - tog og bane | 103 | Regelfaste øvingar er eit viktig tiltak som både Jernbaneverket og NSB, naudetatane og kommunane som Bergensbanen går gjennom, bør vere med på. Ein del av ei slik øving kan vere å evakuere mange uskadde personar frå utfordrande terreng og vanskeleg tilgjengelege stader | Jernbaneverket / NSB/vedkommande kommunar/11x-sentralane | KSA | |
| 13 | 8.1 | Stort luftbore utslepp frå anlegg i utlandet | 113 | Regelmessige øvingar er naudsynt for å sikre god handtering på alle nivå og vil medverke til å redusere skadeomfanget på liv, helse og miljø og gje minst mogleg økonomiske konsekvensar | – | KSA i samarbeid med m.a. HSA | <i>FMHO handterer dette no gjennom ei dedikert atomberedskaps-satsing i 2015.</i> |
| 14 | 8.2 | Stort luftbore utslepp frå anlegg eller anna verksemd i Noreg | 114 | Fylkesmannen i Hordaland har saman med relevante aktørar satt i gang eit arbeid med å avklare ansvar og roller, samt samordne planverk knytt til ei hending med reaktordrive fartøy på Haakonssvern. Arbeidet vil resultere i ei øving hausten 2015 med påfølgjande evaluering | – | KSA i samarbeid med m.a. HSA | <i>FMHO handterer dette no gjennom ei dedikert atomberedskaps-satsing i 2015.</i> |
| 15 | 8.7 | Generelle risiko-reducerande tiltak for atom-scenarioa | 117 | Roller og ansvar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå bør ytterlegare tydeliggjerast. Alle aktørar bør syte for at planverka er koordinerte og harmoniserte | – | KSA i samarbeid med m.a. HSA | <i>FMHO handterer dette no gjennom ei dedikert atomberedskaps-satsing i 2015.</i> |